



## Til valdsansvarlege og jaktleiarar

Vår referanse  
19/13242 19/13488

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Anne Kathrine Løberg

Dato  
19.08.2019

### Informasjon til hjortejegerane i Herøy for 2019

Det er særst viktig at alle jegerar er kjende med denne informasjonen. Den ligg og lagra på [www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

#### PRØVETAKING FOR KONTROLL AV CWD – SKRANTESJUKE

Mattilsynet har kome med ei sterk oppmoding til jegerande om å ta hjerneprøver av all hjort som vert felt i haust, som er 2 år og eldre. Landbruksavdelinga heldt informasjonskveld den 08.04 på Kjelsund der det vart delt ut prøvetakingsutstyr og informasjon. Ikkje alle fekk med seg utstyr og vi såg at postlappane var gått ut på dato.

**Vi oppmodar alle valdsansvarlege og jaktleiarar om å hente det utstyret dei treng her på landbruksavdelinga.**

#### JAKTTID OG OMSYN TIL KALVEKOLLER

Jakttida for hjort er 01.09. - 23.12. Ein må vise ekstra omsyn til kalvekoller, og sikre seg at eventuell kalv er felt før kolla vert forsøkt felt. Morsmjølka er ei viktig kjelde til næring for kalven, og han treng mordyrret både gjennom hausten og den påfølgande vinteren. Hugs at ein morlaus kalv får dårlege vilkår komande vinter. Ved å skyte mordyr frå kalven, vil ein på sikt få svakare mordyr med låge vekter, sein brunst og seint fødde kalvar.

#### JAKTLEIARAR

Jaktleiarar skal samordne jakta i eit jaktlag, og sjå til det vert jakta i samsvar med lov og føreskrift. Vidare bør jaktleiarar ha ansvaret for å rapportere om felling, eventuell skadeskyting og liknande. Om ein har skifta jaktleiar frå førre år må valdsansvarleg gjeve skriftleg melding til kommunen før jakta startar.

#### INNMELDING AV FELTE DYR

Jaktleiarar melder om felt dyr til kontrollør innan 48 timar. Meldinga skal innehalde opplysning om:

1. Tidspunktet for felling
2. Kva alder og kjønn dyret hadde
3. Kva vald og jaktfelt dyret er felt på
4. Kvar kontrolløren kan kontrollere dyret
5. Namn og telefonnummer til den som sender melding

Ein må ta vare på hovudet til dyret fram til kontrollør eller i 48 timar etter at kontrollør har fått melding. Det vert plukka ut tilfeldige dyr til stikkprøvekontroll. Om det skulle vere fleire dyr som oppbevarast på same stad må dyra merkast slik at kontrolløren kan sjå forskjell på desse. Kontrolløren fører skriftleg logg over alle innmeldingar og kontrollar. Rapportering av

felte dyr undervegs i jakta er ei pålagt plikt. I høve der det ikkje vert rapportert i samsvar med reglane, eller det ved kontroll vert funne avvik, vert det sendt melding til politiet. Vi oppmodar om at de gjev skriftleg melding, gjerne på e-post. Kontrolløren skal gje ei stadfesting på at meldinga er motteken om den kjem som SMS eller e-post.

### SETT HJORT

Valda skal registrere observasjonar av sett hjort. Registrering av sett hjort gjerast digitalt via [www.hjorteviltregisteret.no](http://www.hjorteviltregisteret.no) Nettadressa til sida er ny frå i fjor. Alle som har jegernummer har tilgong til å registrere sett hjort. Ein treng i tillegg eit vald- eller jaktfeltnummer. Desse nummera refererar til nummeret som valdet/jaktfeltet har i Hjorteviltregisteret, og har ingen samanheng med lokale jaktfeltnummer. Hugs på at ein også skal registrere jaktdagen om ein ikkje har sett hjort. Alle registreringar skal vere gjort før 06.01.2020.

### REFUSJONSORDNING

Valda kan få ein refusjon tilsvarende 30 % av innbetalt fellingsavgift under følgjande vilkår:

1. Valdett registrerer sett hjort opplysingar frå alle jaktfelt gjennom den elektroniske løysinga, seinast 14 dagar etter jakta er slutt. Om det er jaktfelt det ikkje har vore jakta på sender valdsansvarleg melding om dette saman med fellingsrapporten.
2. Fellingsrapporten er levert inn i samsvar med reglene som ligg føre i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.
3. Om det i samband med stikkprøvekontroll vert funne avvik fell retten til refusjon bort.

Nemnda oppmodar i tillegg valda til å registrere slaktevektene på dyra i Sett og skutt.

### SKADESKYTING OG ETTERSØK

Det er krav om avtale om godkjent ettersøkshund. Om ein under jakt skadeskyt eit dyr, eller har mistanke om at ein har skadeskote dyr, skal det gjennomførast ettersøk. Det kan ikkje jaktast på eit jaktfelt medan det pågår ettersøk. Ein skal ettersøke dyr ut den dagen det er skadeskote på eige eller andre sitt vald. Om ein ikkje har funne dyret ved utgangen av den dagen dyret vart skote skal jaktrettshavar/grunneigar og kommunen eller politiet ha melding. På eige vald skal det gjerast ettersøk også dagen etter at dyret er skadeskote. Om dyret ikkje er funne skal kommunen ha melding. Kommunen avgjer kva som skal gjerast vidare. Jeger og jaktlag har plikt til å bistå kommunen i ettersøk.

### REGLAR FOR BRUK AV LYS UNDER ETTERSØK

Det er lov å bruke kunstig lys til ettersøk etter påskoten hjort. Jegeren skal varsle politi, jaktrettshavar og kommune om bruken før ettersøket tek til.

### SKADDE DYR

Kommunen skal ha varsel ved funn av daudt eller skadd vilt. Under ordinær jakt har jegeren plikt til å avlive hjort som er skada eller såra på ein slik måte at dei ikkje kan leve eller verte friske. Dyret kan gå på fellingskvota om valdet har kvote på same type dyr. Om ein ikkje tek dyret på kvota skal ein varsle kommunen om at dyret er avliva, og gjere opp dyret slik at kjøtet ikkje vert skadd. Er dyret ettersøkt tilfeller dyret valdet som ettersøker det.

### FELLING AV FEIL TYPE DYR

Ved feilskyting/ felling av anna dyr enn det valdet har kvote på skal ein varsle kommunen.

## MERKA DYR

Merka dyr kan fellast på lik linje med umerka dyr. Om ein observerar eller fell merka hjort under jakta, ber vi om at dette vert meldt til kommunen snarast råd. Ved felling av slikt dyr skal ein ta vare på merka, samt dyret sin kjeve, då dei som har merka det ofte er interessert i å stadfeste alderen til dyret.

## INNMELDING AV FELTE DYR OG MELDINGAR TIL KOMMUNEN:

- Om ettersøk, bruk av kunstig lys, om skada og sjuke dyr eller mistanke om skrantesjuka, går til: Sigurd V. Nygard tlf: 970 69 126 eller [nygardsigurd@gmail.com](mailto:nygardsigurd@gmail.com)

## JAKT PÅ RUNDE

På Runde er det tre fugleferdingsområde og eit naturreservat, samt at heile øya har dyrelivsfreding. Jamført fredingsføreskrifta er jakt på villmink den einaste jakta det er lov å drive, og berre i området med dyrelivsfreding.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i brev datert 31.05.2013 gjeve dispensasjon til hjortejakt i ordinær jakttid (1.sept. – 23. des.) på delar av området på Runde. I denne dispensasjonen er det sett vilkår som får følgjer for utøving av jakta. Desse reglane gjeld:

- Dispensasjonen gjeld for området med dyrelivsfreding samt i området Hallstien – Kløfjellet – Geita. Areal der det vert jakta må i tillegg vere godkjent som teljande areal av Herøy kommune.
- Det er ikkje lov å bruke laus hund, korkje til jakt eller ettersøk.
- Det er ikkje lov med motorisert ferdsel for å frakte ut vilt.
- Desse reglane gjeld for perioden 2013 – 2020.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg  
avdelingsleiar landbruk

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur